

TEMA: KRAFTPOLITIKK

■ ■ Dei siste ti åra har det skjedd ein marknadsliberalistisk revolusjon, ikkje minst innafor kraftsektoren. Kraftprisane til industrien er blitt marknadsbaserte, og offentlege kraftselskap er blitt omdanna til AS.

■ ■ Terje Kollbotn frå Odda RV gjer greie for utviklinga og legg fram sitt syn på korleis RV kan møte denne utfordringa. Geir Henning Presterudstuen går inn på kampen om Totenkraft.

■ ■ Samstundes held Opprør fram med presentasjonen av «marxistar etter Marx», og denne gongen er turen nådd til Alexandra Kollontaj: Om kjærleik og revolusjon!

SIDE 8-9

SIDE 7

Opprør

Medlemsblad for Raud Valallianse

NR 1 2000

Dette nummer:

Arbeidarar

Iranarar i Noreg

Statsbudsjett

Kraftpolitikk

Alexandra Kollontaj

Burgerproletarar

Hvordan begrave det kapitalistiske fortidsmonstret?



Ved inngangen til et nytt århundre fremstår kapitalismen som mer grådig og altomfattende enn noen gang. Men WTO-toppmøtet i Seattle viste også at dersom motkreftene organiserer seg kan de stikke kjepper i hjulet og på sikt sette en annen dagsorden.

For RV begynner dette arbeidet i Norge, og til våren arrangerer vi en landsomfattende konferanse om fagbevegelsens strategier mot den globale kapitalismen. Vi skal også gjøre mye annet i år 2000: Nytt prinsippprogram og styrking av RV-organisasjonen.

<http://www.rv.no> – den revolusjonære heimesida for deg!

Returadresse:
Rød Valgallianse

C-BLAD

11720
Gudmund Dalsbø
Dramsvn. 1

9009 TROMSØ

Arbeidarpartiet RV?

– Vi er det partiet som tek arbeidarklassen sine problem og arbeidsmetoder på alvor, og vi er dei einaste som aktivt jobbar for å organisera det nye burgarproletariatet, seier reinhaldsarbeidar og permittert RV-leiar, Aslak Sira Myhre.

Av Pål Hellesnes

Det tyder ikkje at vi er perfekte i dag, langt i fra, men vi har det som eit viktig mål å vera eit parti av og for arbeidarar, og vi jobbar aktivt for at arbeidarar skal dominera i partiet, fortsetter Myhre.

RV sitt prinsippprogram slår fast at partiet «henter inspirasjon og metode fra arbeiderbevegelsen og den marxistiske bevegelsen sin historie», og at «arbeidarklassens organisering og kamp gjennom fagforeninger er den viktigste formen for folkelig organisering og kamp.» Men spørsmålet er om dette automatisk gjer at RV kan kallast eit arbeidarparti?

TODELT SPØRSMÅL

Aslak Sira Myhre seier at det å vera eit arbeidarparti både handlar om politikk og medlemmar.

– På den eine sida ville kanhende 20 professorar og direktørar kunne laga ein OK arbeidarpolitikk om dei freista, men det ville ikkje ha gjort dei til eit «arbeidarparti», og det er vel tvilsamt om politikken ville ha haldt seg over tid. På den andre sida kan du ha masse arbeidarmedlemmar utan å vera eit arbeidarparti, sjå berre på Frp. Dei har masse arbeidarar både som medlemmar, og som røystar på dei, men politikken deira er dønn kapitalistisk.

Men er arbeidarmedlemmar og bra politikk alt?

– Nei, det er naudsynt å jobba kontinuerleg med det, og det gjer RV. Ta DNA som døme, i sin tid var dei eit verkeleg arbeidarparti, men i dag er det langt mellom arbeidarane i topposisjonane. Vonleg går RV den andre vegen, mot fleire arbeidarar i leiinga.

Myhre påpeikar at RV truleg er det einaste partiet i Noreg der leiaren etter 3 år på partikontoret skal ta seg eit år med sementlemping og golvvasking.

BURGARPROLETARIET

RV har vore med på å innføra eit nytt omgrep, burgarproletariatet. Dette er ei gruppe som jobbar i varehandel, restaurantbransje osv, og dei har ein laus tilknytting til arbeidsmarknaden. Ofte dreier det seg om studentar eller annan ungdom. RV er, i følge Myhre, det einaste partiet som har teke denne grupperinga på alvor.

– Fagrørsla har teke lett på dette spørsmålet, dei trur at denne gruppa er ein slags «sumarjobb+», og at dei raskt vil vera ute av arbeidsmarknaden. Men røynslene frå andre europeiske land syner at dette er eit permanent og veksande skikt. Desse folka jobbar RV for å organisera.



Flertallet i LO er i dag kvinner. Korleis står det til med RV sin klasseinnretting – i teori og i praksis?

Klassemedviten ungdom?

På Raud Ungdom sin sumarleir i år var det ordskifte både om arbeidarklassen og om jobbing i fagrørsla. Jakob Skjelberg, AU-medlem i RU og sumarleiransvarleg saman med Anne Guro Fiskvold, seier at RU meiner det er viktig å ta opp diskusjonen om klasseanalyse att.

– For ein revolusjonær rørsle er det viktig å ha ein oppdatert, moderne analyse av klassane i det norske samfunnet og internasjonalt. I dag fins det for mykje mytar og kunnskapsløyse om kva arbeidarklassen er. Raud Ungdom har interessekamp som hovudprioritering,

og driv mykje med kamp for ein betre skule og for fritidstilbod for ungdom. Men interessekampen for ungdom i arbeid har kome for kort, i følge Skjelberg.

– Kommersiell tankegang er vanleg blant ungdom, det florerer med illusjonar om å koma seg opp og fram. Dette er ein av grunnane til at studentar på mange måter er eit trugsmål mot fagorganiserte, dei finn seg i dårlege arbeidsvilkår, og organiserar seg sjeldan. DEI skal jo ikkje verta arbeidarar. Trur dei, i alle høve.

RU meiner at klassemedvitit blant

norsk ungdom er særst lågt. Jakob Skjelberg meiner at det er vanskeleg å svara eintydig på om RU er ein arbeidarorganisasjon.

– Vi har heilt klårt mange medlemmar med arbeidarbakgrunn, men det i seg sjølv er ikkje nok. Vi meiner det er viktig å fokusera på fagleg arbeid, ikkje berre å kartlegga klassebakgrunnen til medlemmane, seier Skjelberg. Han seier at han ikkje er redd for at RU skal oversvømmast av akademikarar.

– Men det er viktig at vi prioriterer å nå ut til ungdom i arbeid, ikkje berre dei som går på skule eller studerar.

Ein raud burgarproletar

Kioskkjeden 7-11, som har mange storkioskar i Oslo og andre stader, har berre ein fagorganisert arbeidar. Og jau, han er RVar. Leif E. Helland er frå Stavanger, jobbar no på 7-11 i Oslo, og har organisert seg i Handel og Kontor.

– Det at RV er merksam på problema knytta til det såkalla burgarproletariatet er bra, men framleis gjenstår det mykje, både av ideologisk og organisatorisk arbeid. Helland er kritisk til LO sin haldning til denne gruppa. –LO ser ut til å ha forskansa seg, dei er nøgd med dei folka dei har som medlemmar no, og ser ikkje kor viktig det er å legga ein strategi for å koma inn i desse gruppene.

Kva for konsekvensar trur du det kan få?

– I og med at det er utnyttinga av studentane i Noreg sin arbeidskraft som er hovudgrunnlaget for burgarproletariatet gjer LO si line at fleirtalet av studentane i Noreg manglar organisasjonsrøynsle og -kultur. I tillegg er det slik at handel, og servicenæringane veks, medan tradisjonell industri vert mindre. Då er det ein taparline å ikkje laga planar for organiseringa av arbeidarane i ein viktig del av denne sektoren. Mange av dei selskapa det dreiar seg om i denne sektoren opererer etter det såkalla franchise-prinsippet, som vil si at kvar einskild butikk eller restaurant i prinsippet er ein sjølvstendig

bedrift. Dette, kombinert med særst sterk gjennomtrekk i arbeidskraft, gjer at organisasjonsmåtane fagrørsla har i dag ikkje strekk til. Til dømes hadde 7-11 i heile Oslo i fjor 350 tilsette, men heile 700 tilsetingar. Det tyder at i snitt vert folk i jobben berre fi år.

– Det har vore særst vanskeleg å nå gjennom i fagrørsla med at det trengs nytenking om organisasjonsstrategiar, seier Helland. – I tillegg opplever mange av arbeidarane at det gjev fri-dom å ha personlege forhandlingar om løn og arbeidstilhøve. Dei ser ikkje systemet som heilskap, berre korleis det er for dei sjølv. Vi pratar jo her om studentar, som overhovudet ikkje ser på seg sjølv som arbeidarar.

Smått og godt i RV

To epostlister

Etter debatt og erfaringer med at alle som er med på rv-lista, ikke vil ha alle debattinnlegg tilsendt, blir det nå også opprettet en informasjonskanal. Her vil pressemeldinger, vedtak og uttalelser fra partiledelsen, fylkes- og lokallag legges ut. Til informasjon. De som vil diskutere meldingene, må holde seg til den opprinnelige rv-lista. De som vil være med på informasjonskanalen, melder til finnolav@newmedia.no.

Klassekampen

Klassekampen hadde en kampanje før jul, der det ble solgt aksjer og det var anledning til å gi bort julegaveabonnement. RVs arbeidutvalg støttet kampanjen, og oppfordret samtidig Klassekampen til å jobbe for bredde blandt aksjonærene ved blant annet å henvende seg til hele SV.

For jernbane

RV har tilsluttet seg Landsutvalget for jernbane. LFJ er organisasjonen for fremme av jernbane som transportmiddel i Norge stiftet 1973. LFJ utgir bladet «For Jernbane» som utkommer 4 ganger pr. år. LFJ arrangerer også møter blant annet med NSB. Medlemskap er åpent for alle jernbaneinteresserte og koster kr. 70,- pr. år for enkeltmedlemmer og 125 for organisasjoner. Adresse: postboks 154, 1430 Ås.

Årsmøte

Organisasjonskontoret minner om vedtektenes bestemmelse om at årsmøte skal være avviklet innen 15. februar. Partiledelsen tar gjerne i mot invitasjoner og vil dekke opp så godt vi kan.

Industripolitikk

I et leserinnlegg i Klassekampen før jul påpekte Einar Risa, klubbleder Rosenberg Verft i Stavanger, RV sin manglende industripolitikk. Vi er alle enige i det – inkludert landsstyret. Derfor er det satt ned et utvalg som skal legge fram til debatt et «manifest» om industri, energi og miljøpolitikk for RV. Utvalget ledes av Terje Kollbotn og blant annet Aslak Sira Myhre skal delta i arbeidet. Utvalget skal settes sammen av folk fra Rogaland/Hordaland.

Lyst til å skrive eller bidra med ideer? Opprør trenger skribenter, oversettere, innspill og alt mulig!

Kontakt: oppror@rv.no

Rått løp mot velferden i kommune-Norge

Skolekutt, økt pris på barnehage/SFO, dyrere helsetjenester og kutt i fritidstilbud, privatisering og salg av arvesølv.

Samtidig vokser den norske stat sin formue.

Finn Olav Rolijordet,
partisekretær i RV

Lærere i maratonaksjon over hele landet. Ungdom i tog for fritidsklubber og skolen. Foreldre i tog mot økte barnehagepriser. Dette er stikkord for hva som skjer over hele landet.

Kampen om velferdsgodene pågår for fullt – og arbeiderklassen taper. Tiden etter at statsbudsjettet ble lagt fram har vist at også dette budsjettet er et alvorlig angrep på velferdsgodene rundt omkring i kommunene.

RV har laget et statsbudsjettefte der vi ser på hva som egentlig er foreslått og hva som egentlig foregår i norsk økonomi.

Hovedartikkelen i det heftet er bearbeidet til Opprør, slik at alle medlemmer i RV kan få del i den kunnskapen om statens rikdom vi legger fram. Men vi skal også reise kampen lokalt.

NOK ER NOK

Det er ingen grunn til å akseptere det som nå skjer rundt omkring. Ingen økonomisk grunn. For det finnes selvsagt en rekke andre grunner til å gå inn i rollen som ansvarlig kommunepolitiker og kutte ned på tilbudet til kommunens innbyggere.

Tilhengerne av markedsliberalismen, tilhengerne av kapitalismen og den sterkeste rett vil utfolde sin kreativitet. Det reises forslag om konkurranseutsetting, på hva kommunen kan selge ut av eiendeler i kraftselskap, åpen privatisering av omsorgstjenester. Alle tilbud som ikke er lovpålagt kan kommunene kvitte seg med. For oss andre handler det igjen om å reise den politiske kampen. Det handler om å gå på nok en gang med resolusjonsforslag i fagforeninga, å få lærerne ut på gata i kampen mot undergravingen



av enhetsskolen, å få medlemmene i reumatikerforeningen til å protestere på at kommunen legger ned tilbudet om ekstra varmt vann i svømmehallen en dag i uka.

VIKTIGE KRAV

RV har diskutert en rekke krav som kan reises i denne kampen. Partiet fremmer disse:

- Kommunene må beholde et skatteøre på 13.5 prosent (1993-nivå)
- Minst 5 prosent av statens formue på 500 milliarder blir overført og fordelt til kommunene
- 10 prosent av oljefondet blir brukt til å sanere kommunal gjeld
- Ingen privatisering av kommunale tjenester
- RV skal jobbe for kontakt mellom de kommunene som rammes hardest av nedskjæringer
- RV vil jobbe for et i størst mulig grad landsdekkende opprør mot sta-


tens rammer.

- Noen steder vil også kravet om skattenekt reises
- RV skal markere seg politisk med antikapitalisme og sosialisme-agitasjon

Som arbeidsmetoder vil vi bruke:

- Felles aksjonsdager for RV-lag landet rundt
- Løpeseddel med plass for lokal argumentasjon (er ferdig og heter «Ja, de penga...»)
- Hefte med artikler om statsbudsjettet (er ferdig og heter «Ja, de penga...»)
- RVs lokallag tar kontakt med aksjonen «For velferdsstaten». Det må drøftes hvordan vi kan få aktivisert aksjonen «For velferdsstaten» flest mulig steder rundt omkring i landet dersom den ikke allerede er igangsatt av de 6 LO-forbundene som har startet aksjonen.

**meld deg på RVs nettlister:
finnolav@newmedia.no**



Tidlig valgkamp

På oppsummeringsmøtet etter siste stortingsvalg konkluderte Hordaland RV at de hadde startet valgkampen for sent. Knappe 2.000 stemmer skilte Torstein Dale fra en stol i stortingssalen.

Else-Merete Thyness

Ved dette stortingsvalget vil de ikke gjøre samme feilen. Derfor har de allerede startet valgkampen for å få Torstein Dahle inn på tinget.

– Jeg både gleder og gruer meg, sier Dahle. – Valgkamp er slitsomt, men RV

har mye å fare med og får god respons blant folk.

I november hadde Hordaland RV fylkeskonferanse. Her planla de strategien.

– Vi har lagt opp et langsiktig løp, hvor vi rustet oss både politisk og organisatorisk, forklarer Terje Kollbotn, kommunerepresentant for RV i Odda kommune.

I marsjen mot Stortinget er det et par viktige etapper. Den første er fylkesårs-møtet i Hordaland RV i mars. Da skal det settes ned en programkomité. Den skal utvikle et valgprogram som skal knyttes til sosialisme-debatten i RV.

Den andre etappen er nominasjonsmøtet høsten 2001. Her skal i hvert fall de ti første kandidatene på stortingslista i Hordaland nomineres.

– Vi har mange gode kandidater til de første plassene. Vi legger vekt på å være et team. Det er ikke bare snakk om å få Torstein Dahle, men Hordaland RV som

en sterk allsidig politisk sammensatt gruppe, inn på tinget, sier Kollbotn.

Han forteller at en viktig del av valgkampen er å bygge opp lag og kontakter i alle de 34 kommunene i Hordaland

– Vi har allerede opprettet tre nye lag på Stord, Meland og Osterøy.

Og han er godt fornøyd med den tidlige oppstarten. – Nå legger vi et godt grunnlag for en langspurt i år 2001, sier han.

Hva forteller kommunevalget i høst om RVs mandatsjanser ved neste stortingsvalg?

– Valgresultatet i høst lå ca 2500 tusen stemmer over valgresultatet i 1995. Det vil si at med omtrent den samme valgdeltagelsen ville Torstein vært inne. Det burde punktere alle påstander om at å stemme på RV er å kaste vekk en stemme, svarer Kollbotn.

FOLK BLIR SYSTEMATISK LURT

Førsteplassen på Hordalands stortingsliste er altså klar. Øverst finner vi Torstein Dahle, akkurat som forrige gang.

– Jeg er optimistisk, og tror vi klarer det denne gangen, sier Dahle.

Hva blir de viktigste kampsakene dine?

– Vi har ikke diskutert valgprogrammet ennå, men det er klart at jeg er på hjemmebane når det gjelder økonomi, svarer han.

Han mener RV blant annet må sloss for å sette et skarpt søkelys på statens politikk overfor kommuner og fylkeskommuner.

– Folks behov blir stadig dårligere iverrett. Noe som igjen fører til et privatiseringspress.

Som ved forrige valg vil Torstein Dahle gjerne framstå som den lille gutten i eventyret om keiserens nye klær.

– Folk blir systematisk lurt til å tro at vi ikke kan bruke verdiene våre til å løse de problemene vi har, men selvsagt er det mulig. Hvorfor kan vi ikke innføre sekstimersdagen når vi lever i et samfunn med så høy effektivitet? Hvorfor kan ikke arbeidsoppgavene innrettes etter folk, i stedet for at stadig flere vippes ut av arbeidsmarkedet? Hvorfor lever vi en verden hvor milliarder av mennesker lever i ytterste fattigdom og nød? Når skal vi begynne å ta miljøtruslene på alvor? Noen må peke på hva som skjer.

Dahle mener at behovet for en helt ny type samfunn er påtrengende, både i Norge og resten av verden.

– Vi må ta ansvar her til lands, og bygge opp et kontaktnett med folk som gjør det i andre land. Det er mange trinn i denne kampen. Å gå til valg er ett av dem, avslutter Torstein Dahle.

Programpakke

RV tilbyr nå en foreløpig programpakke, med et variert utvalg av hefter og innspill til programdebatten. Alle partilag får tilsendt en gratis prøvepakke, men må selv betale for flere eksemplarer. Prisen er kr. 65 inkludert porto. Ved kjøp av flere enn tre pakker, blir prisen redusert til kr. 55.

I første omgang inneholder pakken RUs nye studiehefte om sosialisme ("En sosialisme for vår framtid"), AKPs programhefte fra november 1999 og det nyeste heftet fra ML-gruppa Revolusjon ("Om folkestyre og proletariatets diktatur"). Deretter vil pakken enten bli supplert eller sendes ut med en ny sammensetning.

RU-heftet er det mest almenne, i form av en grundig introduksjon til ulike sosialismesyn med spesiell vekt på demokrati-spørsmålet og kritikk av erfaringene i de ulike østblokklandene. På det kommende RU-landsmøtet før sommeren skal organisasjonen vedta en egen sosialisme-resolusjon, og studieheftet er bare ett av flere.

AKP-heftet tar utgangspunkt i AKPs eget program, og oppsummerer arbeidet frem til nå. Det inneholder også artikler om klasseutviklingen i Norge og om "gubbe-marxisme og likestillingsfeminisme".

Heftet fra Revolusjon er et direkte innspill til partidebatten i RV, der gruppen er organisert som en fraksjon. I heftet advarer de mot det de ser som en omdanning av RV til et anti-kommunistisk parti av SF-typen, blant annet drevet frem av trostkister i RV og tilhengere av såkalt "post (ml)"-tenkning. Heftet legger også frem flere artikler av blant andre Marx, Lenin og Enver Hoxha om synet på staten og sosialismen.

BF

Bestill pakken fra RV-kontoret, tlf. 22 98 90 50 / 52. Sendes til lagene i januar.

Faglig konferanse til våren

Helgen 31. mars til 2. april arrangerer RV en landsomfattende konferanse mot den globale kapitalismen. Sett kryss i kalenderen med en gang, og ta med deg venner og kolleger. Her er et foreløpig program.

FREDAG 31. MARS: IT-REVOLUSJONEN OG ARBEIDSLIVET

Stikkord: Ny teknologi som frigjør eller som svøpe?

LØRDAG 1. APRIL: NYE UTVIKLINGSTREKK VED KAPITALISMEN

Stikkord: WTO, oppkjøp og fusjoner, omfattende offensiv fra kapitalen, privatiseringsbølge i de fleste land.

Globaliseringens problemer sett fra fagbevegelsen både i Nord og i Sør.

Innledere: Tore Linné Eriksen (forsker), Helge Christie (småbruker).

INTERNASJONAL FAGLIG KAMP

Stikkord: Kamp for nasjonale rammevilkår

eller internasjonal klassekamp og solidaritet? Hva er vårt syn på internasjonale tariffavtaler? Hva betyr utviklinga av EUs indre marked mot en union med felles mynt? Erfaringer med og strategier for internasjonal faglig kamp. Erfaringer fra offentlig og privat sektor.

Innledere: Asbjørn Wahl (leder Aksjon for Velferdsstaten), Per Østvold (leder NTF) + kommentarer fra panel.

SØNDAG 2. APRIL: NYE UTVIKLINGSTREKK VED KAPITALISMEN

Fra produksjon og industri til varehandel og service: Trengs ei ny klasseanalyse? Innvandrere i arbeidslivet. Opprør i offentlig sektor, kampen for velferdsstaten.

«Burgerproletariatet»; hvor og hvordan organisere denne gruppa? Erfaringer med kamp for organisering i denne sektoren.

Innledere: Claus Jervell (HRAF) og Carlos Orieta (RVs innvandrerrutvalg m.m.).

Panel: Maren Rismyhr (Lærerlaget), Unni Hembre (sykepleierne), Arne Rolijordet (NNN).

Sted: Stratos, Folketeaterbygningen, Youngstorget, Oslo.

Dato: 31. mars - 2. april

Arrangør: RV, i samarbeid med folkeopplysningsforbundet

Skotske sosialistar

Den 6. mai 1999 røysta meir enn 100.000 veljarar på Scottish Socialist Party (SSP) ved valet til det nyoppretta skotske parlamentet. Ved EU-valet den 10. juni blei SSP-prosenten dobla, og i november passerte medlemstalet over 2.000 – mot berre 400 medlemmar i februar. Med fire prosent i Skottland som heilskap og åtte prosent i Glasgow har SSP på kort tid vorte ein kjempesuksess, etter omdanninga av ein raud venstreallianse til eit nytt samlingsparti i 1998. Stiftarane omfattar mellom andre søsterpartiet til irske Sinn Féin, Scottish Republican Socialist Party, i tillegg til mange tidlegare Labour-medlemmar. På grunn av den gode medfarten ønskjer no fleirtalet i den dominerande SSP-retninga å ta steget fullt ut i partibyginga, ved å slutte å opptre som eit «parti i partiet». Framover skal dei vere «ein tendens/plattform/straumdrag innanfor SSP», retta inn mot partiet sin medlemsmasse: Utadretta verving og eigenmarkering i høve til arbeidarklassen blir best skjøtta av SSP som heilskap, ifølgje det nye strateginotatet.

NY KURS FOR MILITANT/CWI

Framlegget tyder at den skotske CWI-leinga (Committee for a Workers' International) har fjerna seg enda eit steg frå det som tidlegare var kjent som den trotskistiske Militant-tendensen. Før jobba dei innad i det britiske Labour-partiet, heilt fram til dei vart ekskludert på 1980-talet. I dag er gruppa mykje mindre i England, men i Irland har dei hatt stor framgang og blei vald inn i parlamentet i 1997.

Mens den internasjonale CWI-leinga i dag går inn for bygging av sjølvstendige partier på «reint» CWI-grunnlag, har den skotske seksjonen satsa mykje på samlingspartiet SSP og på å utvikle meir varige relasjonar med resten av venstresida. Den skotske CWI-strategien er slik sett noko heilt anna enn den tidlegare lina med å drive «entrisme» i Labour, som i utgangspunktet var fiendtleg innstilt. I SSP er alle medlemmane tvertimot sosialistar (og mange er revolusjonære), sjølv om dei ikkje er einige om alt heile tida. Dette partisynet går klårt fram av notatet:

– I eitkvart levande og dynamisk parti som er i vekst og prega av framgang vil det uungåeleg oppstå ulike straumdrag, som ei spegling av meir eller mindre tolsemnd i ulike seksjonar av arbeidarklassen. Til og med den sentrale leinga i Bolsjevikpartiet splitta seg midt under revolusjonen, på det avgjerande spørsmålet om korleis dei skulle ta makta.

– Vi må innsjå at SSP er eit sosialistisk arbeidarparti, der medlemmane i hovudsak ønskjer eit brot med kapitalismen. Dei fleste nye medlemmar vil ikkje ha ei ferdig utarbeida oppfatning av korleis det er mogleg å oppnå sosialisme.

– Slik sett er det heilt avgjerande å halde fram med ei glødande marxistisk tendens innfor SSP, for å kunne tilby ein råde for ordskifte rundt nøkkelspørsmål, og på same tid arbeide for utbreiinga av marxistisk ideologi og hjelpe partiet med å utvikle eit klårare og sterkare teoretisk fundament.

OPTIMISME

CWI trur det er god grunn til optimisme i framtida. Medrekna det grøne partiet og ein uavhengig liste med radikale sosialdemokratar, har det sidan 1997 skjedd ein 20-dobling av veljarar som står opp om systemkritiske alternativ.

– Det er ikkje nokon overdriving å slå fast at skapinga av SSP har hatt merkbare konsekvensar for medvetet til ein stor del av arbeidarklassen. I ein generelt vanskeleg situasjon for sosialistar og marxistar i heile verda, har det politiske landskapet i Skottland vorte delvist omvandla som følgje av SSP sin intervensjon. SSP har vore med og styrka sjølv-tilliten til titusentals personer som for har sett seg sjølve som sosialistar, men som dei siste 15 åra har mista motet etter fleire alvorlege nederlag for arbeidarklassen i Storbritannia og internasjonalt.

Sjå heimesida: www.scotsocialist.org

BF



MIR – framgang og tilbakeslag

På landsmøtet i februar vedtok RV å støtte en innsamling til El Rebelde, avisa til den revolusjonære organisasjonen MIR i Chile.

Daniel Herrera, Kristiansand RV

Den Revolusjonære Venstre-bevegelse (MIR) ble grunnlagt 15. august 1965. MIR ble stiftet i illegalitet og erklærte seg som et politisk/militært parti, ut fra en forståelse av at kampen for sosialismen ville medføre et blodig svar fra imperialismen.

Prinsipperklæringen slo fast partiets vilje til å kjempe mot kapitalismen og imperialismen. MIR ville slåss for et samfunn uten undertrykking og utbytting. Et parti til å lede arbeidere, bønder og alle fattige til et solidarisk, rettferdig og demokratisk samfunn: Det sosialistiske samfunn.

MIR erklærte seg som et revolusjonært parti, med marxismen som det viktigste teoretiske verktøy for analyse av samfunnet. Men partiet hadde også som mål å være et samlende parti for alle revolusjonære i Chile. Man la stor vekt på særegenhetene til det latinamerikanske samfunnet, og tok med seg erfaringer og teorier fra andre revolusjonære partier på kontinentet. Ikke minst åpnet man dørene for grasrota i den kristne bevegelsen som hadde begynt å organisere seg i små, men voksende sosialistiske grupperinger.

LATIN-AMERIKA REISER SEG

I 60-åra opplever Latin-Amerika en periode med store sosiale spenninger. Den kapitalistiske modellen av-

slører store sprekker. Folkets kamp truer med å velte de fleste regimene på kontinentet. I Chile danner borgerskapet i 1964 en stor allianse, og klarer å få med seg en del av arbeidarklassen på et kriseforlik. Det kristeligdemokratiske partiet som leder alliansen, vinner presidentvalget i 1964. I mellomtida har USA og alle land på kontinentet inngått pakt «alianza para el progreso» (Framskrittspakten). En pakt som USA så som den siste mulighet for å stoppe en arbeiderklasse som var inspirert av seieren i den kubanske revolusjonen. Den nye chilenske regjeringen gjennomfører reformer i tråd med denne pakt.

I 1970 vinner likevel en allianse av venstrepartier presidentvalget i Chile. Unidad Popular ledet av det sosialistiske og det kommunistiske partiet starter en prosess med store reformer som truer den kapitalistiske strukturen i landet. Man nasjonaliserer en stor del av industrien og alle gruveselskaper. Staten overtar ansvaret for alle finansinstitusjoner og utenrikshandelen. Alle eiendommer med over 40 hektar jordbruksareal blir ekspropriert og delt ut til bøndene. MIR blir legalisert.

FORSVARSKOMITEER

Unidad Popular forventet en fredelig prosess. De forventet at borgerskapet ville respektere det sosialistiske flertallet i folket. MIR hadde en annen oppfatning. I partiet hadde man ingen illusjoner om at de herskende kretsene ville respektere folkeflertallet. Selv om MIR ikke var med i Unidad Popular, ga man «kritisk støtte» til regjeringen. Man organiserte fagforeninger, fattigbønder og fattigkvarter til støtte for de sosialistiske reformene.

De siste månedene før kuppet ble

det organisert Arbeidernes Forsvarskomiteer for de sosialistiske reformene. MIR støttet dette aktivt, i ideologisk kamp mot reformister, som trodde høyrekreftene ville respektere en lovlig valgt president. Som videre trodde hæren ville opptre profesjonelt og nøytralt.

I 1973 kom militærkuppet. De væpnede styrkene hadde ikke problemer med å beseire et ubevæpnet folk og innledet en blodig periode med drap, fengsling og tortur. MIR gikk under jorda for å organisere motstandskampen. Uten annen motstand kunne de militære konsentrere seg om å rulle opp den eneste organisasjonen som var forberedt på motstandskamp. Det var vanskelig å finne skjulesteder. Ved hjelp av tortur fikk politiet god oversikt over MIRs organisasjon.

I 1974 ble generalsekretæren drept i kamp. I 1976 var over 90 prosent av MIRs medlemmer drept, forsvunnet eller i fengsel. I ettertid stiller man spørsmål ved at man ikke reddet en del av organisasjonen i eksil før arrestasjonene begynte.

I 1980 begynte partiet å reorganisere seg. I de lange årene med motstandskamp har gamle og nye medlemmer stått sammen med folket i drømmen om et revolusjonært sosialistisk samfunn. I hele landet, i fengslene og i eksil har man fortsatt denne kampen. Man vet at det ikke blir enkelt å bygge opp partiet igjen, men den nye «demokratiske» situasjonen i Chile har gitt MIR bedre arbeidsvilkår. MIR har i dag lokale avdelinger i alle landets regioner, og partiet tar sikte på å gjenvinne sin posisjon som det ledende partiet på den revolusjonære venstresiden.

Støtt innsamlinga! Konto: 0532 5214408; «MIR-innsamling», Boks 418, 4664 Kristiansand

Kollontaj: Revolusjon og kjærleik

Aleksandra Michajlovna Kollontaj markerte seg i samtida som ein kjempande revolusjonær, feminist, anti-leninist og krigsmotstandar. Då ho døydde i 1952 i Moskva var ho saman med Stalin den einaste ovelivande frå sentralkomiteen i bolsjevikpartiet i revolusjonsåret 1917. [...]

ALEKSANDRA M. KOLLONTAJ vart fødd i St. Petersburg i 1872 som barn i ein storborgarleg familie. Ho vart sosialist ut frå overtyding, og slutta seg til marxistane 27 år gammal. Frå då av følgde livet hennar det klassiske mønsteret til ein russisk revolusjonær; eit liv med hemmeleg undergrunnsarbeid, politisk agitasjon, streikeleiing, arrestasjonstrugsmål, eksil og nære kontaktar med den vest-europeiske arbeidarrørsla og den internasjonale kommunistiske rørsla. Ho var nær venn med mellom andre Rosa Luxemburg, Clara Zetkin, Karl Liebknecht og Lenin, og reiste mykje rundt i Europa – spesielt Skandinavia – og i USA. I 1915 gjekk ho over frå mensjevikane til bolsjevikane.

Etter den borgarlege revolusjonen reiste ho tilbake til Russland for første gong på mange år. Ho var ein av partiets mest populære agitatorar, både i fabrikkane og i militære avdelingar. I juli 1917 vart ho arrestert av Kerenskij-regjeringa, og lauslatt først for ein kausjon på 5000 rublar. Som medlem av bolsjevikpartiets sentralkomite utførte ho mange personlege oppdrag for Lenin fram til natta for oktoberrevolusjonen.

Etter revolusjonen vart Kollontaj folkekommissær for sosiale saker, og tilhøyrt den indre krinsen i partiet. Men i 1922 tok den partipolitiske karriera brått slutt, og ho vart sendt politisk «eksil» til Noreg som diplomatisk utsending, seinare som ambassadør. Årsaka til dette brotet ligg i hennar rolle som opposisjonell i partiet – som feminist og anti-leninist.

«OG TIL DEN UNGE mannen av i dag, vil jeg si: Gi litt mer av ditt hjertes varme til den kvinnen du elsker, og når kjærligheten er over, da skal du aldri glemme at hun også er en kamerat. Og til kvinnen: Gi ikke hele ditt hjerte og hele deg selv til kjærlighetens heftighet. Hold noe av ditt hjerte tilbake – slik som mannen bestandig gjør – for andre av livets skjønne mål!» (Kollontaj, 1936)

Aleksandra Kollontaj var verdas første kvinnelege minister og verdas første kvinnelege ambassadør. I motsetning til



Kollontaj i Norge, 1924

Rosa Luxemburg var ho også svært opptatt av kvinnepolitiske spørsmål. Før revolusjonen bygde ho opp kvinnerørsla i Russland, og heile livet skreiv ho mange politiske og skjønnlitterære skrifter om kvinners stilling. I 1915 heldt ho hovudtalen på den første 8. marsmarkeringa i Noreg.

Kollontaj var ein visjonær feminist, og møtte stor motstand for synspunkta sine i partiet, mellom anna hos Lenin. Som minister (folkekommissær) for sosiale saker fekk ho gjennomført lover om fri abort og rett til skilsmisse, rettar som dei russiske kvinnene mista seinare då kommunistpartiets høgaste prioritet vart økonomisk vekst og folketilvekst. Ho gjekk også inn for at staten skulle ha hovudansvaret for barneoppsedinga. Sjølv gjekk ho frå mann og barn då ho slutta seg til sosialistane.

I synet på familiens utvikling byggjer Kollontaj på Engels' teoriar i «Familiens, privateigedommens og statens opphav»; den materialistiske historieoppfatningas klassikar. Hennar innsats er at ho set desse teoriane inn i eit kvinnehistorisk perspektiv. Heile den skjønnlitterære produksjonen hennar er konsentrert om kvinners problem og kvinners tilvere i eit samfunn med store politiske omveltningar. Også i dei mange artiklane, pamflettane og politiske bøkene står kvinnepolitiske spørsmål i sentrum.

Kollontaj fokuserte på forholdet mellom kjønna, kjærleik, seksualitet og foreldrerolla. Ho

meinte at kvinner ikkje kunne leva eit sjølvstendig liv dersom dei knytta seg for sterkt til ein mann. Kvinner måtte halda litt igjen i forhold, slik menn alltid gjer, for å kunna oppnå noko meir enn kjærleik og lidenskap.

Som kvinne kunne ho ikkje tenka seg ein revolusjon som ikkje også innebar ein revolusjon mellom kjønna. Ho såg på kjærleiken som eit avgjerande bindeledd mellom menneske – og dermed som eit organiserande element i klassekampen. Den energien kjærleiken representerte måtte ikkje bindast til små isolerte einingar i samfunnet – den borgarlege kjernefamilien – men frigjerast for å tena til å utvikla proletariatets kollektive solidaritet. Sjølv tok ho konsekvensen av sitt radikale syn på kjærleik og forholdet mellom kvinne og mann, og gjekk frå alle sine menn. Etter Kronstadtopprøret i 1921 vende ho tilbake til landstaden og mannen, berre for å finna han saman med ei anna kvinne. Kollontaj pakka umiddelbart koffertane, og mannen prøvde å ta sitt eige liv – utan å lukkast. Aleksandra forbandt såret og reiste.

I synet på erotikken er Kollontaj kjend for den såkalla «vassglasteorien», der ho hevdar at i framtida ville seksuallivet for kvinna bli like enkelt og problemfritt som å drikka eit glas vatn. Dette gjorde henne lite populær hos mellom andre Lenin, som uttalte til Clara Zetkin at teorien var fullstendig umarxistisk og usosial. «Vel er

det så at tørst må stilles. Men vil et normalt menneske under normale omstendigheter legge seg i rennesteinen og drikke sølvann? Eller av et glass tilsmuset av manges lepper?» Lenin meinte at det i samtida var lagt overdriven vekt på det seksuelle, og at ungdommen «trenger livsglede og livskraft. Sunn sport, turning, svømming, fotturer og kroppssøving av alle slag, mangesidige åndsinteresser» var langt viktigare. Zetkin kommenterer i memoarane sine at ho var forbausa over at Lenin engasjerte seg så mykje i slike spørsmål.

Kollontajs visjonære tenking kjem godt fram i vassglasteorien. Ho såg for seg at erotikken ikkje kom til å spela same rolle i framtida. Framtidas kvinner kom ikkje til å ha så mykje tid til å tenka på kjærleiken, men ville i staden bruka tida til arbeid i samfunnets teneste. Kvinner og menn ville bli kameratar i ei djupare tyding; kameratskapen skulle basera seg på fellesskap, og det seksuelle ville dermed bli meir underordna. Kvinna ville bli meir likegyldig til kven ho gav kroppen sin til: «Der har De framtidens kjærlighet!» [...]

[...] KOLLONTAJ HADDE erfaring frå fagforeiningsarbeid allereie tilbake i 1907, då ho arbeidde i tekstilarbeidarane sitt forbund i St. Petersburg. Ho tilhøyrt den retninga i partiet som var sterkt inspirert av anarkosyndikalistisk teori, og i 1920 var ho med på å danna Arbeidaropposisjonen, ein organisert fraksjon i Bolsjevikpartiet. I 1920-21 diskuterte partiet fagforeiningane si rolle, og denne debatten vart avgjerande også for det interne partidemokratiet. Fram til 1921 var bolsjevikpartiet prega av forholdsvis stor tendens- og fraksjonsfridom og open debatt om prinsipielle spørsmål. Arbeidaropposisjonen trykte sitt fraksjonsmanifest i 250.000 eksemplar til fri utdeling, og debatten mellom dei ulike fløyane gjekk livleg i partiavisa Pravda.

Arbeidaropposisjonen kom samtidig med uro og misnøye i arbeidarklassen. Dei økonomiske problema etter fleire år med borgarkrig og «krigskommunisme» førte til uro både blant folk og internt i partiet. Lenin og Trotskij meinte det var nødvendig med ekstraordinære tiltak rett etter revolusjonen. Dei ville at staten skulle styra fagforbunda, og gjekk inn for ein delvis aksept av marknadsekonomien. Fraksjonen til Kollontaj kritiserte den økonomiske politikken. Dei kravde at arbeidarklassen

skulle styra økonomien, ei revitalisering av sovjet-rørsla og lik løn og status for alle. [...]

DEN 10. PARTIKONGESSEN i 1921 vart eit vendepunkt for Bolsjevikpartiet og Kollontaj si partipolitiske karriere. Arbeidaropposisjonen vart nedstemt for sine krav, Lenin styrka sin posisjon – og Kollontaj vart kort tid etter sendt til Noreg som diplomatisk utsending. Ho var framleis medlem etter så vidt å ha unngått eksklusjon. Same året vart Kronstadt-opprøret, eit væpna opprør mot partiet, slått ned. Partidemokratiet leid store nederlag. Sentraliseringa og maktkonsentrasjonen auka, og det vart innført fraksjonsforbod; forbod mot organisert opposisjon. Mange av tiltaka i antidemokratisk retning var meint å vera midlertidige tiltak i ein ekstremt vanskeleg situasjon for partiet, men i staden vart fraksjonsforbodet snarvegen til totalitarismen.

Arbeidaropposisjonen hadde tatt med seg mykje av misnøyen i samfunnet med inn i partiet, som det einaste moglege politiske uttrykket for sosialt opprør i ein eittpartistat. Ved å undertrykka Arbeidaropposisjonen og slå ned Kronstadt-opprøret gjorde Lenin eit skjebnesvangert val. Han valde å erklæra at arbeidarane hadde feil og partiet rett. Valet vart også skjebnesvangert for alle sosialistiske rørsler som seinare adopterte Lenins partimodell, leninismen. Aleksandra Kollontaj fortsatte kritikken av leninismen, stalinismen og mangelen på demokrati også etter nederlaget i partiet, men då i skjønnlitterær form. Tilbake i Sovjetunionen vart ho innkalt på teppet til Stalin. Kritikken fortsatte, men i mildare form – og ho overlevde.

(Heile denne teksten er trykt i uavkortet form i fellesutgåva av Brodd, Ikkevold og Venstre Om frå 8. mars 1999).

Frøydis Olausen og Ingrid Fiskaa er medlemmar i studentgruppa ROSSO

Kollontaj-litteratur:

- Nag, Martin: *Kollontaj i Norge*, Solum Forlag AS, Oslo 1981
- Sjejnjs, Sinovij: *Alexandra Kollontaj. Sider av et liv*, Forlaget Progress, Oslo 1988
- Vaksberg, Arkadij: *Alexandra Kollontaj: En biografi*, Norstedts Förlag AB, Stockholm 1996

Kraftrevolusjonen på

Terje Kollbotn frå Odda RV gjer greie for utviklinga med AS-ifisering og sal av offentlege kraftselskap, og skriv om RV sine alternativ. Teksten er basert på innledninga og ordsiftet på folkevaldkonferansen i haust.

Dei siste ti åra har det skjedd ein marknadsliberalistisk revolusjon i Norge. Ved inngangen til år 2000 er kraftprisane til industrien blitt marknadsbaserte, fleirtalet av dei offentlege kraftselskapa er blitt omdanna til AS og mange er eller er i ferd med å bli selde til dei største selskapa. Den folkevalde styringa er i stor grad erstatta av kraftbusiness.


Denne utviklinga starta for alvor i 1990, då regjeringa Syse la fram forslag til ny energilov etter initiativ frå olje- og energiminister Eivind Reiten frå Senterpartiet. Stortinget slutta seg til denne lova utan større innvendingar i juni 1990.

Hovedinnhaldet var å definere energi som ei vare og leggje opp til at elektrisitet skulle bli produsert, distribuert og omsatt på kommersielle vilkår. Det vart opna adgang for å gjere om dei kommunale og fylkeskommunale kraftverka (55% av kraftproduksjonen) til aksjeselskap. Denne nye politikken var heilt i tråd med den nye utviklinga innan EU på slutten av 80-talet. Men elektrisitetslandet Norge ønska å vere i forkant og bli europameister i kraftliberalisme. Då DNA-regjeringa overtok att i november 1990, vart denne politikken i all hovudsak vidareført av Stortinget.

Mellom anna vart Statkraft endra gjennom St.prp. 100 (1990-91) til å drive på forretningsmessige vilkår. Her skriv mellom anna DNA-regjeringa: «Markedsorienteringen av norsk kraftforsyning faller sammen med anstrengelsene internasjonalt for en friere omsetning av energi».

I TB – fagbladet til Norsk Tjenestemannslag (NTL) kommenterte Landsforening 120 (LO-organiserte i Statkraft og NVE) utviklinga slik i januar 1993: «Vi konstaterer at det måtte en arbeiderpartiregjering til for å gjennomføre høyrebølgen i norsk kraftforsyning». Dei peika m.a. på at regjeringa sin politikk m.a. hadde ført til at «statens muligheter til å bruke energipolitikken som et styringsredskap i industri- og energipolitikken er sterkt svekket». I 1992 trumfa DNA-regjeringa igjennom EØS-avtalen i Stortinget. Dette var ein omfattande avtale som steg for steg bind Norge til EU sin økonomiske politikk og EU sitt omfattande lovverk. Dei ivrigaste EU/EØS-tilhengjarane, spesielt innan AP/LO-toppen, hevda stadig vekk at EØS-avtalen ikkje omfatta energiområdet. Mange i fagrørsla beit på denne løgna.

MEN I EØS-AVTALEN – del 2 om det



frie varebytte – er energi definert som ei vare (i artikkel 24 og diverse vedlegg 6). Og i regjeringa sin stortingsproposisjon om EØS-avtalen, St.prp. nr. 100 (1991-1992), heiter det på side 164:

«En rekke bestemmelser i EØS-avtalen som angår markeds- og konkurranseforhold kan komme til anvendelse på energiområdet. Det gjelder i første rekke avtalens artikkel 4 med generelt forbud mot forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet, avtalens artikkel 11 og 12 som forbyr kvantitative begrensninger på import og eksport og alle tiltak med tilsvarende virkning, avtalens artikkel 16 som innebærer at statlige handelsmonopoler ikke skal kunne forskjellsbehandles på

grunnlag av nasjonalitet, bestemmelsene om fri etableringsrett og frie kapitalbevegelser, samt prinsippet om ingen restriksjoner ved nasjonal behandling ved selskapsinvesteringer, nedfelt i artiklene 31, 34, 40 og 124, konkurransereglene i avtalens artikler 53-60 og statsstøttebestemmelsene i avtalens artikler 61-64».

EØS-avtalen legg mellom anna opp til:

- adgang for energiselskap innan EU til å kjøpe opp norske kraftverk.
- adgang til storstilt krafteksport frå Norge til energimarknaden i EU.
- at Norge lyt tilpasse seg til felles konkurransereglar i EU sin energimarknad.
- straumprisar til den kraftkrevjande industrien, andre bedrifter, forbrukarar og

offentleg drift i Norge lyt etter kvart tilpasse seg til internasjonal marknadspris (europris).

- undergraving og nedbygging av norske arbeidsplassar som er avhengig av konkurransfortrinnet rimeleg strøm.

- auka press for å få bygd ut vassdrag i Norge med tanke på langsiktig krafteksport til EU-land.

- eit historisk brot med norsk kraft- og konsesjonspolitikkk sidan 1906.

I NORGE HAR menneska nytta vasskrafta som energikjelde heilt sidan oldtida. Vasshjulet, kvernkallen og seinare vasssaga har letta arbeidet for mange. Etter at det vart mogleg å forme om vasskrafta til elektrisk energi, starta den industrielle revolusjonen for alvor her i landet. Norge hadde eit naturleg fortrinn i Europa med mange og høge fossefall, rikeleg med nedbør og isfrie havner i fjordane langs kysten. Etter at Norge braut ut av unionen med Sverige i 1905, starta «elektrisitetens tidsalder» og «den nye arbeidsdagen». Gjennom utbygging av elektrokjemisk og elektrometallurgisk storindustri, utvikla Norge seg frå eit fattig land til ein moderne industrinasjon.

Framveksten av den organiserte industriarbeidarklassen la grunnlaget for faglege og sosiale rettar og velferdstaten. Vassdrags- og industrikonsesjonslovene sørga for nasjonale omsyn, fortrinn og politisk styring. Vasskrafta var eit industripolitisk verkemiddel for industri- og distriktutbygging, ikkje minst etter krigen. Offentlege kraftverk vart bygd ut for å sikre folket i alle landsdelar straum til hushaldning, offentlege behov og arbeidsplassar. I dag opererer Statkraft (som disponerer vel 30 prosent av kraftproduksjonen i Norge) i stadig større grad som ein internasjonal marknadsaktør og krafteksportør. Statkraft, Norsk Krafteksport AS og EuroKraft har alt forhandla fram langsiktige kraftavtalar med tyske og nederlandske energigigantar og nye kraftkabler til EU vil vere i drift mellom 2002 og 2004, i tillegg til dei tre kablane til Danmark.

PÅ 90-TALET er politisk styring gradvis blitt erstatta av marknadskreftene sitt frie spel på stadig fleire område. Det statlege politiske ansvaret innafor både energi, industri, fiskeri, landbruk, samferdsel (inkludert post og telekommunikasjon) og distrikts-, miljø- og næringspolitikken elles er bygd ned og overført til private marknadsaktørar eller statskapitalistiske kommersielle foretak (som Telenor, Statoil og Statkraft).

Dette er heilt i tråd med grunnlaget, ideologien og dynamikken i EØS-avtalen. EU-lova om fri flyt av kapital, varer, tenester og arbeidskraft skal gjelde i Norge, sjøl om både den ekstraordinære LO-kongressen og folkefleirtalet sa nei til EU-medlemsskap i 1994. Denne utviklinga er både i strid med norske historiske tradisjonar, forvaltninga av dei rike norske naturressursane og ikkje minst arbeidarrørsla sin opphavlege ideologi. Dette har i stor

90-talet

grad skjedd takka vere Arbeiderpartiet i regjeringsposisjon på mesteparten av 90-talet, med vekslende støtte frå FrP, Høgre og mellompartia.

SKAL FOLKEFLEIRTALET kunne kome på offensiven mot kapitalkreftene, trengs det eit grunnleggjande oppgjær med heile EØS-avtalen. Fram mot LO-kongressen og stortingsvalet i 2001, lyt konsekvensane av og alternativa til denne kapitalistiske grunnlova bli nøye analysert og diskutert ute på arbeidsplassane og i lokalsamfunna.

Kravet om at det nye Stortinget må seie opp EØS-avtalen og inngå ein ny frihandelsavtale med EU-landa må vekse i styrke dei neste to åra. I motsett fall vil EU-tilhengjarane få eit sterkt kort på handa i opinionen når EØS-kverna har malt lenge nok: Norge lyt stadig tilpasse seg til EU sitt utvida lovverk utan å ha noen påverknad. Initiativet til ein reell omkamp om fullt norsk EU-medlemskap vil kome so snart folkeopinionen har «mørna» lenge nok.

Sidan hausten 1997 har Bondevik-regjeringa i stor grad vidareført EU-tilpassinga som Brundtland- og Jagland-regjeringa starta for alvor tidleg på 90-talet. Ei sokalla nei-regjering som lojalt regjerer og administrerer på grunnlag av EØS-avtalen, sviktar og svekkar bit for bit den breie folkelege motstanden mot norsk EU-tilknytning og undergrev norske interesser.

FØR PÅSKE KOM regjeringa med stortingsmelding 29 («Om energipolitikken») og stortingsproposisjon 52 («Om Statskraft industrikontrakter og leieavtaler»). To av dei tidlegare EØS-motstandarane, Marit Arnstad (SP) og Anne Enger Lahnstein (SP) er blitt hovudansvarlege for olje- og energipolitikken i regjeringa.

Desse to dokumenta, som Stortinget skal handsame i løpet av våren, er eit ukritisk knefall for EØS-avtalen og norsk EU-tilpassing på kraftsektoren.

I Stortingsmelding 29 heiter det mellom anna: «Nye kraftleveranser på myndighetsbestemte vilkår må tilpasses EØS-avtalen og en helhetlig energipolitikk. Kraftmarkedets rammevilkår og virkemåte er endret betydelig på 1990-tallet. EØS-avtalens statsstøtteregler tilsier at kraftleveranser på myndighetsbestemte vilkår baseres på markedsverdier». Regjeringa legg stor vekt på «å finne ordninger som er i samsvar med EØS-avtalen» og slår soleis fast: «En større grad av markedsbasert omsetning i de europeiske landene vil trolig innebære at kraftutvekslingen vil skje i henhold til markedspriser både i Norden og i Europa». Og vidare:

«Alle de nordiske land utgjør en

del av det indre marked i EU/EØS. Et direktiv om felles regler for det indre marked for elektrisitet ble vedtatt i EU 19. desember 1996. For Norges vedkommende er det forventet en beslutning om direktivet i EØS-komiteen den våren 1999».

RV HAR (mange stader som det einaste partiet) alltid gått imot å omforme kommunale kraftverk til aksjeselskap. Når slike vedtak blir gjort, blir aksjelova overordna kommunelova. Det betyr mellom anna at innsynsretten blir fjerna. Folkevalde organ kan ikkje lenger fatte vedtak om prisar og investeringar som bryt med forretningsmessige prinsipp. Difor bør vi reise krav om å oppløyse aksjeselskapa og gå attende til ordninga med kommunale e-verk etterkvart som verknadene blir tydelege for folk.

Eit hovedmotiv for oppkjøp er sjølsagt profittmotivet. Profitten kan mellom anna sikrast ved å auke strømprisen til kundane. For mange kommunar med ei slunken kommune-kasse og stor gjeld, kan det vere freistande å selge arvesølvet, heilt eller delvis. Etterkvart vil større einingar og utanlandsk medeigarskap vere eit trugsmål mot heile lokalsamfunn. RV sitt alternativ må vere å mobilisere bak kravet om at dei statlege rikdomane skal nyttast til å sanere gjelda og styrke økonomien i kommunane. RV bør (uansett kva aksjelova seier) kreve fullt folkevald innsyn i rekneskapa og budsjetta i dei kommunale kraftselskapa – og foreslå alternative disposisjonar. Til dømes er det viktig for eit miljøparti som RV å foreslå at det blir satt av midlar til utgreiing, prosjektering og utbygging av fjernvarmenett og energieffektivisering i heile nettområdet.

Å REDUSERE FORBRUKET av elektrisitet til fordel for andre fornuftige energiformer bør vere ei viktig politisk oppgåve for oss. Samstundes lyt vi utvikle argumentasjonen mot at høgare kraftprisar er vegen å gå for å få ned forbruket. Det vil ikkje stoppe luksusforbruket, samstundes som det vil auke byrdene for alle som har dårlegare råd. Dette er eit klassespørsmål. Nedleggjing av arbeidsplassar som ikkje toler kraftig prisauke på straumen vil få ned forbruket til ein pris som samfunnsøkonomisk sett er uakseptabelt.

Å stille strenge krav til enøk-tiltak for å halde lave straumprisar, og innføring av høgare straumprisar på overforbruk/luksusforbruk, vil vere fornuftige politiske forslag. Desse bør reisast sjøl om dei kolliderer med snever marknadliberalistisk tankegang.

Terje Kollbotn,
formannsapsmedlem for Odda

Kraftsalg i Vestre Toten

I Vestre Toten førte kraftsalg til totenbygdenes største folkeaksjon på årevis, og 2.500 underskrifter i en kommune med 13.000 innbyggere.

I Vestre Toten Kommune har et stort flertall i kommunestyre og formannskap vedtatt salg av kommunens andeler i det interkommunale kraftselskapet TotenKraft. Eierandelene det var snakk om er 3/7 av et nettselskap, 25 prosent av produksjonsselskapet Økokraft samt en liten kraftstasjon. Hoveddelen av dette, nettselskapet, er et reint monopol.

De fremste forkjemperne for dette vedtaket har under hele prosessen vært Vestre Toten Arbeiderparti. Fra starten var det sågar en Ap-ordfører som første gang lanserte forslaget, i første rekke for å teste hvor mye markedet kunne være villig til å gi for andelen, som han uttrykte det. Vestre Toten RV og Oppland RV var de første til å uttrykke bekymring for dette «leke-salget», og påpekte at tanken var å kvitte seg med arvesølvet for enhver pris, noe som vi seinere fikk rett i.

